

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADER - VARSEL

Plannavn	Langhøyane, mindre endring
Arealplan-ID	2011000100
Saksnummer	046/12
Utarbeidet av	Ard arealplan as
Datert/Revidert	02.12.16

	Avsender	Hovedpunkt i merknad / uttalelse	Forslagsstillers kommentar
1.	Hordaland fylkeskommune 21.11.16	<p>Innspel til punkt i føresegna:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. 2.3.5: Her vert det føreslått å fjerne kravet om å etablere kollektivhaldeplass i planområdet. Samferdselsavdelinga støtter dette. I tråd med Kollektivstrategien for Hordaland er det eit mål å følgje dei etablerte kollektivaksane og ikkje etablere system med omvegar. 2. 2.3.6: Punktet er fjerna, og i staden vert det lagt opp til etappevis utbygging vidare i føresegna. Dette er ei grei løysing, men vi saknar at veglys og parkering vert fanga opp i dei følgjande punkta. Ved å la veglys og parkering vere med vidare kan reguleringssendringane aksepteraast som «mindre endring». 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følgje. 2. Tatt til følgje, veglys og parkering er lagt til under 2.3.10, 2.3.11 og 2.3.12.
2.	Fylkesmannen 07.11.16	1. Ingen merknader.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følgje.
3.	Statens vegvesen 15.11.16	<ol style="list-style-type: none"> 1. Statens vegvesen er opptatt av at tilhøva for mijuke trafikantar mellom planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) vert sikra. Den vidare prosessen må syne korleis tilhøva for mijuke trafikkantar er tatt i vare på ein tilfredstillande måte, også i anleggfasen med utbygging. 2. Ut frå framlegg til nye føresegner ser det ut til at Trinn 1 skal realiserast først. Vi meiner at det må gå klart fram korleis Trinn 1 er delaktig i finansiering av tiltak langs fylkesvegen (kjøyreveg og gang- og sykkelveg.) 3. I framlegg til føresegner er o KV01, fortau o_FT01 og o_FT04 nemnt både under Trinn 1 og Trinn 2. Vi er at den oppfatning at fylkesveg og tilhøyrande anlegg må realiserast på eit tidleg stadium av utbygginga. 4. Ber også om at nemninga Handbok 017 vert erstatta med Handbok N100. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følgje. 2. Ikkje tatt til følgje. Det er først i trinn 2 og 3 at den store utbygginga med mange einingar vil finne stad og vi vurderer det difor som rimeleg at finansiering av tiltak langs fylkesveg skal finansierast gjennom trinn 2 og 3. I trinn 1 er det berre lagt til rette for rundt 24 einingar medan det i trinn 2 og 3 er lagt til rette for rundt 105 einingar. Trinn 1 ber vidare også alle kostnadene for tilrettelegging VA for heile planområdet (trinn1-3) med bl.a. ein stor pumpestasjon og har såleis allereie vore med å bidra økonomisk for fellestiltak innanfor planområdet. 3. Ikkje tatt til følgje. Vi vurderer det som tilstrekkeleg at fylkesveg og tilhøyrande anlegg realiserast i trinn 2. 4. Tatt til følgje, er retta.